

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug  
Planavdelingen  
post@alver.kommune.no

Deres ref:20/18451

Deres brev av:

Vår ref: GJB

Oppdrag nr: 740

Dato: 7.7.2022

**Følgebrev til planforslag Åtun 1. gangs behandling sak nr. 20/18451 - PlanID 4631\_2021004 – Planmateriell til 1. gongs handsaming.**

På vegne av forslagsstillaar Vestbo BBL sender vi her inn planmateriell til plansak for Åtun.

Forslagsstillaar Vestbo BBL ynskjer i samråd med Lindås Pensjonistlag å legge til rette for ei positiv utvikling av sentrumsområdet på Lindås. Tilgong til nye og velfungerande bueiningar for den aldrande befolkninga er eit viktig samfunnsansvar som i større grad vert vektlagt i den offentlege forvaltninga. Regjeringa har dei seinare åra lagt til grunn at ein i større grad må gje slike tilbod i marknaden, både bynært og i distrikta. Regjeringa ynskjer i sin eldreomsorg at dei eldre skal bu heime i egen bustad lengst mogleg. Dette er ein viktig faktor for å få ned bruken av ressursar innan helse- og omsorgssektoren. Nærleiken til Lindås Nærcenter og sjukeheimen med seniorfunksjonar vil i stor grad gje dei beste føresetnader for at dei eldre i Lindås kan få attraktive tilbod om husvære. Tilgrensande grøne strukturar med gode tur og rekreasjonsområde vil danne eit godt fundament for aktivitet og betre folkehelsa for dei eldre. Barnehagen som ligg like ved vil gje samhandling mellom generasjonane og vere ei viktig kjelde for trivsel. Tiltaket legg i seg sjølv også til rette for fellesskap og samhandling, som vil gje den enkelte eldre betre vilkår for ein sosial kvardag og for å unngå isolasjon og førebygge einsemd.

Pensjonistane i Lindås har svært gode kvalitetar i dei husværa dei i dag bur i. Planframleggget er utforma for at dei også i alderdomen skal få glede av viktige kvalitetar som til dømes gode sol- og utsiktstilhøve. Med bakgrunn i dette er det i plansaka lagt til rette for ein mindre justering av grensa mellom byggesona B1 og dei omkringliggende grøne strukturar. Endringa tilseier at ein byggjer i eit område som er bratt og lite farbart, og ikkje nyttas aktivt til tur og rekreasjon. Dei områda som førast over frå bustad til grøne strukturar har ein topografi som er eigna for meir aktiv bruk og ligg tilgjengeleg for allmennheita.

Det er utforma ein eigen vurdering av naturmangfold knytt til prosjektet. Det kjem fram at det ikkje er viktige naturtypar og at viper ikkje vil verte råka av planforslaget.

Planområdet ligg utanfor omsynssona til Den Trondhjemske postvegen. Den tilgrensande postvegen i syd er dag overbygd med ei eldre løe og vegen vidare mot vest er overgrodd, ikkje synleg og lite farbar. Sona mellom omsyns- og byggesona er føreslege regulert til friområde, der vegetasjon og natur skal førast vidare slik at det vert ein vegetasjonsskjerm mellom Den Trondhjemske postvegen og dei nye husværa. Planframleggget er utforma slik at kulturminnet ikkje vert råka.

Planframleggget legg til rette for ein tettstadsutvikling av Lindås som tek i vare alle generasjonar, tilbyr dei eldre velfungerande og lettestelte nye husvære og fristiller større einebustader til familiarar. Ein ny offentleg naturpark skal gje bebruarane i Lindås ein triveleg stad der alle generasjonar kan møtast for grilling, trening og rekreasjon. Nærleiken til bekken, og som innfallsporten til turløyper vil gjera dette området svært attraktivt for mange bebruarar.

Det ligg føre politisk vedtak på at det kan dispenserast frå krav om områderegulering.

Vi håpar på vegne av forslagsstillar og Lindås pensjonistlag at Alver kommune stiller seg positiv til planforslaget og ynskjer dei komande seniorbustadane velkomne.

Vi syner til vedlagte planmateriell i saka og ønsker gjerne eit innleveringsmøte der vi kan gå gjennom oversendt grunnlag og drøfte eventuelle behov for justeringar.

Skulle det vere nokre spørsmål, ver venleg og ta kontakt.

Med vennlig hilsen

Gro Borkner

mobil :48 32 21 93  
e-mail: gro@se-arkitektur.no

**se arkitektur**